

TENESTESTANDARD FOR HELSE- OG OMSORGSTENESTER I ULVIK HERAD

Vedtatt av Ulvik heradsstyre den I sak.....

INNHALDSLISTE

Innleiing.....	3
Omsorgstrappa.....	3
Nasjonal rettleiar for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester	4
Tildelingskontoret	4
Oppgåver for Tildelingskontoret:	4
Søkje helse- og omsorgstenester	5
Dette bør vera med i søknaden	5
Vegen vidare etter søknad.....	5
Korleis levera søknaden.....	6
Lovar og regelverk	6
Klage	7
Betaling for kommunale helse- og omsorgstenester	7
Krav og forventingar til deg som mottek tenester i heimen	7
Du må sørgje for følgjande:	8
Tenestestandard.....	9
1. Legetenester	9
1.1 Ulvik legekantor.....	9
1.2 Voss interkommunale legevakt	9
2. Folkehelse, friskliv og meistring	10
3. Helse- og omsorgstenester til barn og unge	11
3.1. Helsestasjon 0-5 år	11
3.2. Helsestasjon for ungdom	12
3.3. Skulehelsetenesta	12
3.4. Fysioterapitenesta for barn og unge	13
3.5. Følgjekort barn og unge	14
3.6. Individuell plan.....	15
3.7. Barnekoordinator	16
3.8. Fritidskontakt barn og unge	17
3.9. Kommunepsykolog for barn og ungdom.....	18

3.10.	Avlastning barn og unge under 18 år	18
3.11.	Omsorgsstønad barn og unge	19
4.	Helse- og omsorgstenester til vaksne	21
4.1.	Fysioterapi.....	21
4.2.	Ergoterapi.....	22
4.3.	Logoped.....	23
4.4.	Jordmorteneste og svangerskapsomsorg	23
4.5.	Barseltreff	24
4.6.	Følgjekort	24
4.7.	Habilitering og rehabilitering	25
4.8.	Individuell plan og koordinator	26
4.9.	Fritidskontakt vaksne	27
4.10.	Teneste for psykisk helse og rusarbeid (POR)	28
4.11.	Kommunepsykolog.....	29
4.12.	Utkøyring av måltid	30
4.13.	Velferdsteknologi	31
3.7.1	Tryggleiksalarm	31
4.14.	Praktisk bistand/heimehjelp	32
4.15.	Heimesjukepleie.....	34
4.16.	Dagtilbod for personar med demens	35
4.17.	Omsorgsbustad	36
4.18.	Dag- og nattopphald i institusjon	37
4.19.	Avlastningsopphald i institusjon	39
4.20.	Omsorgsstønad - vaksne	40
4.21.	Brukarstyrt personelg assistanse (BPA).....	41
4.22.	Korttidsopphald i institusjon	42
4.23.	Omsorg +	44
4.24.	Langtidsopphald i institusjon	44

INNLEIING

Ulvik herad v/avdeling helse og velferd har utarbeidd dette heftet for å gje innbyggjarane informasjon om kommunale helse- og omsorgstenester. Heftet er også eit verktøy for sakshandsamarar ved vurdering og tildeling av tenester.

Heftet inneheld informasjon om korleis helse- og omsorgstenester vert tildelt, samt informasjon og beskriving av kvar enkelt teneste – dette kallar me tenestestandard. Tenestestandard skal bidra til å klargjera gjensidige forventningar mellom innbyggjarar og kommunen, og leggja grunnlag for kva ein kan forvente av dei kommunale tenestene. Samtidig skal dei medverka til ei forståing av korleis tenester vert tildelte, og styrka samarbeidet mellom innbyggjar og kommune gjennom open og tydeleg informasjon.

OMSORGSTRAPPA

Vurderingane som vert gjort i samband med tildeling av helse- og omsorgstenester, er forankra i prinsippa om lågast og best eigna omsorgsnivå (LEON og BEON), og tek utgangspunkt i omsorgstrappa. Som hovudregel skal det alltid vurderast om tenester på eit lågare nivå kan dekke behovet, før ein går vidare til neste trinn i omsorgstrappa. Målet er å sikre at brukarane får nødvendige og forsvarlege tenester, samstundes som ein nyttar ressursane på ein effektiv og formålstenleg måte.

Trinn i omsorgstrappa

Trinn 1 - Eigenomsorg

Trinn 2 – Heimebuande med behov for støtte i kvardagen

Trinn 3 – Heimebuande med bistandsbehov

Trinn 4 – Heimebuande med omfattande bistandsbehov

Trinn 5 – Heildøgns tilbod

Døme på tenester

Friskliv og meistring, fysioterapeut, ergoterapeut, hjelpemidlar

Tiltak frå trinn 1, Psykisk helse og rusarbeid, psykolog, pårørandestøtte, fritidskontakt, dagtilbod, følgjekort, velferdsteknologi

Tiltak frå trinn 1 og 2, Heimesjukepleie, heimehjelp/praktisk bistand, BPA, omsorgsbustad, matutkøying, avlastningsopphald, ØHD-seng

Tiltak frå trinn 1, 2 og 3, Omsorg +, korttidsopphald/ rehabiliteringsopphald, dag/nattopphald på sjukeheim

Langtidsopphald på sjukeheim, bufellesskap med heildøgns bemanning, palliativ behandling i heimen

NASJONAL RETTLEIAR FOR PRIORITERINGAR I KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

I 2025 lanserte helsedirektoratet den første nasjonale rettleiaren for prioriteringar i kommunale helse- og omsorgstenester. Rettleiaren vart laga på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet på bakgrunn av stortingsmeldinga «Meld. St. 38 (2020-2021) Nytte, ressurs og alvorlighet – Prioritering i helse- og omsorgstjenesten». Anbefalingane i rettleiaren skal ligga til grunn ved tildeling av helse og omsorgstenester i Ulvik herad.

TILDELINGSKONTORET

Tildelingskontoret har ansvar for å gje råd og rettleiing om dei kommunale helse- og omsorgstenestene i Ulvik herad. Tildelingskontoret har òg ansvar for å sakshandsama søknadar og klager i tråd med forvaltningslova, pasient- og brukarrettslova og helse- og omsorgstenestelova. Tildelingskontoret er lokalisert ved Ulvik Omsorgstun.

Oppgåver for Tildelingskontoret:

- Handsaming av søknadar om helse- og omsorgstenester, med mål om å:
 - Sikra rettstryggleik og likeverdig behandling av søkjarar
 - Leggja til rette for godt samarbeid mellom fagmiljø, einingar og sektorar, særleg ved behov for individuell plan
- Deltaking i nemnder og einingar:
 - Inntaksnemnda ved Ulvik Omsorgstun
 - Bustadsosial gruppe
 - Koordinerande eining
 - Ansvarsgrupper ved behov/ynskje
- Ansvar for rekruttering og oppfølging av fritidskontaktar

SØKJE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Dersom ein har behov for hjelp i kvardagen, kan ein søkje om ulike helse- og omsorgstenester, som til dømes heimesjukepleie, praktisk bistand eller institusjonsopphald.

Ein søker ved å fylle ut [søknadsskjema](#). Dette ligg også under fana «skjema» på heimesida til heradet.

Det er ikkje naudsynt å be om ei konkret teneste – det viktigaste er å skildra situasjonen og kva ein treng hjelp til. Tildelingskontoret vurderer deretter kva slags tenester som kan passa den einskilde sitt behov.

Dette bør vera med i søknaden

- Kva ein treng hjelp til
- Korleis utfordringane påverkar kvardagen
- Om ein **samtykkjer** til at det kan innhentast informasjon frå andre tenester
- Eventuelle vedlegg frå t.d. fastlege, spesialisthelsetenesta eller andre som kan dokumentera kva slags utfordringar du har

Merk: Dersom det ikkje vert gitt samtykke til informasjonsutveksling, kan det påverke kva slags tenester ein får tilbod om.

Vegen vidare etter søknad

Etter at søknaden er mottatt, vil søker bli kontakta for ein vurderingssamtale og/eller eit heimebesøk, der hjelpebehova vert kartlagt. Kartlegginga vert vanlegvis gjort av sakshandsamar og relevant fagperson frå tenesta.

Dersom søker allereie får tenester og treng meir hjelp, må det sendast inn ein ny søknad om oppauke.

Når saka er godt nok opplyst, vert det fatta eit vedtak. Søkar får skriftleg svar, med grunngjeving og ei oversikt over kva type teneste(r) som eventuelt vert gitt.

Korleis levera søknaden

Søknaden kan leverast enten på Tenestetorget eller Ulvik Omsorgstun

Eller sendast i posten til:

Ulvik herad

v/Omsorgstunet - Tildelingskontoret

Skeiesvegen 3

5730 Ulvik

Frå 2026 vil det vera mogleg å senda inn søknaden digitalt i løysinga «Mitt Aidn». Det vil koma informasjon om dette på nettsidene til heradet når løysinga er på plass. Me oppfordrar dei som kan til å nytta seg av digitalt søknadsskjema når dette er operativt.

Ved spørsmål om tenester, søknadsprosess eller korleis ein skal gå fram, kan ein ta kontakt med Tildelingskontoret for råd og rettleiing. Ved ynskje om samtale kan ein ringa sentralbordet 56 52 70 00, som vidare vil sette deg i kontakt med tildelingskontoret.

Førespurnad kan og sendast på e-post til: **tildeling@ulvik.kommune.no**

(Merk: Ikkje send sensitive eller personlege opplysningar på e-post.)

Lovar og regelverk

Saman med ei rekke rundskriv og rettleiarar, er helse- og omsorgstenestelova og pasient- og brukarrettslova sentrale i prosessen i utforming av tenestetilbodet. Helse- og omsorgstenestelova regulerer heradet sitt ansvar for å gi innbyggjarane nødvendige og forsvarlege tenester, og har med anna som mål å sikra eit heilskapleg tilbod som fremjar tryggleik, førebygging og god oppfølging. Pasient- og brukarrettslova gir innbyggjarane rettar i møte med tenestene, med anna retten til nødvendig hjelp, informasjon og høve til å medverka.

Eit grunnleggande prinsipp i begge lover er retten til medverknad. Det betyr at du som søker eller mottar tenester skal få vera med å påverka utforminga av helsetenesta, slik at den blir best mogleg tilpassa dine behov og ønsker. Tenestetilbodet skal så langt som mogleg utformast i samarbeid med deg som brukar. Samtidig er det viktig å understreka at det er avdeling helse og velferd som har ansvar for å vurdere behovet, og som etter ei vurdering avgjer kva tenester du har rett på, og på kva måte dei skal gis.

Tildeling og utmåling av tenester baserast på funksjonsnivå og behov, ikkje diagnosar eller alder.

Klage

Dersom du er ueinig i eit vedtak eller ei avgjerd, eller ikkje er fornøgd med tenesta du får frå den kommunale helse- og omsorgstenesta, har du rett til å klaga jf. pasient- og brukarrettslova § 7-2. Klaga skal vera skriftleg jf. pasient- og brukarrettslova § 7-3.

Ei ev. klage skal først settast fram for tildelingskontoret, som tar saka opp til ny vurdering. Du har klagerett dersom du er pasient eller brukar. Dersom du skal klage på vegner av nokon andre, må du ha fullmakt. Advokat treng ikkje fullmakt.

Alle klager vert drøfta med kommunalsjef for helse og velferd. Dersom det ikkje vert gitt medhald i klaga skal den sendast til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg vurdering og avgjerd.

Klagefristen er fire veker jfr. Pasient- og brukarrettslova § 7-5.

Ved behov for rettleiing i samband med klage kan sakshandsamarar ved tildelingskontoret kontaktast. Pasient- og brukarombodet kan også gje råd og rettleiing i samband med klage - sjå <https://www.pasientogbrukerombudet.no/> eller ring 40 50 16 00.

BETALING FOR KOMMUNALE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

For nokon helse- og omsorgstenester må ein betala eigenandel.

Betaling for kommunale helse- og omsorgstenester i institusjon, samt eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester *utanfor* institusjon vert regulert av '[forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)'.

Dei tenestene der pris ikkje vert regulert i forskrifta, vert prisen vedtatt av heradsstyret årleg - sjå gebyrhefte for meir informasjon.

KRAV OG FORVENTINGAR TIL DEG SOM MOTTEK TENESTER I HEIMEN

Når du får hjelp i heimen vert bustaden din også ein arbeidsplass for kommunen sine tilsette. Ulvik herad har ansvar for å ta vare på dei tilsette sitt arbeidsmiljø, og arbeidsmiljølova gjeld også i private heimar. Det inneber at det kan vera nødvendig å gjera endringar i heimen din for leggja til rette for at hjelpa skal kunne gjennomførast på ein trygg og god måte, både for deg og for dei som jobbar der.

Du må sørge for følgjande:

- **God tilkomst til bustaden:** Du må sørge for trygg og enkel tilkomst til bustaden for dei tilsette. Snø må ryddast og veg strøast ved behov. Det skal vera utvendig lys når det er mørkt.
- **Reinhald i bustaden:** Dersom bustaden din er svært skiten og/eller rotete, må det gjennomførast husvask før kommunen kan starta med tenester.
- **Husdyr:** Hundar og andre dyr skal haldast unna personalet. Hald gjerne hunden i band eller i eit anna rom under besøket.
- **Røyk:** Det skal luftast godt ut før tilsette kjem, og det skal ikkje røykast under besøket.
- **Postkasse:** Ved behov skal det søkjast om å flytte postkassa nærare inngangsdøra.
- **Utstyr og hjelpemiddel:** Du må vere villig til å installere nødvendige hjelpemiddel som t.d. hev-/senkbar seng, forflyttingsutstyr, toalettforhøyar m.m.
- **Personleg utstyr:** Hald orden på reint tøy, reint sengkle, handkle og nødvendige hygieneartiklar.

TENESTESTANDARD

1. LEGETENESTER

1.1 Ulvik legekantor

Ulvik legekantor er ope alle kvardagar mellom kl.08:30 og 16:00 og har adresse Skeiesvegen 7 (Sentrumsbygget). Legekontoret har akuttmedisinsk ansvar (legevakt) innanfor sine opningstider.

Ulvik herad har to fastlegeheimlar. For informasjon om fastlegeordninga, sjå [Rett til fastlege - Helsenorge](#).

1.2 Voss interkommunale legevakt

Ved akutt ikkje-livstruande sjukdom, forverring av sjukdom eller skade som krev rask behandling utanom Ulvik legekantor sine opningstider, er legevakt lokalisert ved [Voss interkommunale legevakt](#).

Voss interkommunale legevakt dekkjer kommunane Voss, Vaksdal, Ulvik, Granvin og Eidfjord.

Telefonnummer til næraste legevakt er 116117.

Ved livstruande tilstandar skal ein ringe akuttmedisinsk naudnummer 113.

2. FOLKEHELSE, FRISKLIV OG MEISTRING

Innhald i tenesta

Folkehelsearbeid er ei viktig oppgåve. Innsatsen ein gjer her skal bidra til fleire leveår og betre levekår for innbyggjarane, til å jamne ut sosiale helseskilnader og til å skapa eit lokalsamfunn som er tilgjengeleg for alle.

«Friskliv og meistring» er eit interkommunalt tilbod for innbyggjarar i Ulvik, Vaksdal, Eidfjord og Voss. Tilbodet er lokalisert på Voss, og via kurs, gruppetrening og individuell rådgiving kan ein få hjelp til:

- Betre kosthald
- Fysisk aktivitet
- Meistring av stress eller belastning
- Meistring av depresjon
- Auka kvardagsglede
- Betre søvn
- Slutta med tobakk

Ein treng ikkje tilvising for å nytta seg av tilbodet. Ein tar sjølv kontakt med Friskliv og meistring.

For meir informasjon og kontakt, sjå [Friskliv og meistring - Voss herad](#)

Kven kan få tenesta

Alle som ynskjer ei livsstilendring og betre helse.

Eigenbetaling

Ein betalar eigenandel for oppstartssamtale, samt for kurs/trening ein deltek på

Heimel

Tilbodet er ikkje direkte lovpålagt, men heradet har ein plikt til å fremja helse, og forsøka å førebygga sjukdom, skade og sosiale problem jfr. Helse- og omsorgstenestelova § 3-3.

3. HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL BARN OG UNGE

3.1. Helsestasjon 0-5 år

Innhald i tenesta

Helsestasjonstenesta driv helsefremjande og førebyggjande arbeid. Tilsett på helsestasjon er helsesjukepleiar, fysioterapeut, lege og kommunepsykolog.

Tilbodet til born i alderen 0-5 år fyljer det standardiserte helsestasjonsprogrammet med 14 konsultasjonar.

Helsestasjonen tilbyr heimebesøk til nyfødde, helseundersøking for sped- og småbarn, vaksineringsplan etter barnevaksinasjonsprogrammet, kartlegging, foreldrerettleiing og rådgjeving m.m.

Innkalling til timar vert sendt via Helsenorge, eller via SMS til dei som ikkje har aktivert Helsenorge for sine barn. Kontakt helsesjukepleiar ved spørsmål.

Kven kan få tenesta

Barn i alderen 0-5 år

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 § 1 bokstav b

Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta

3.2. Helsestasjon for ungdom

Innhald i tenesta

Helsestasjon for ungdom er eit drop-in tilbod på helsestasjonen på Sentrumsbygget. Opningstider er kvar onsdag mellom kl.14:30 og 15:30 (stengd når skulane har fri).

Helsesjukepleiar er alltid til stades, lege er også tilgjengeleg. Dei tilsette har teieplikt.

På helsestasjon for ungdom kan ein snakka/ta opp emne som t.d. skuleutfordringar, graviditet, menstruasjon, seksualitet, rusbruk, kjønnsidentitet, einsemd, seksuelt misbruk/vald m.m.

Helsestasjonen kan hjelpa meg reseptar/anna behandling for helseproblem, tilvising til andre instansar i helsevesenet, prevensjonsrettleiing og prevensjon, testing for kjønssjukdommar.

Kven kan få tenesta

Ungdom opp til 20 år

Eigenbetaling

Tilbodet er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 1 bokstav b

Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta § 3 bokstav b

3.3. Skulehelsetenesta

Innhald i tenesta

I skulehelsetenesta møter ein lege, fysioterapeut og helsesjukepleiar. Tenesta er eit lågterskeltilbod, der elevar, føresette og tilsette i skulen kan ta kontakt utan avtale. Det er også tilbod om samtale og oppfølging av elevar med ulike vanskar og utfordringar, i tillegg til foreldrerettleiing ved ynskje om dette.

Helsesjukepleiar underviser i aktuelle tema som t.d. vekst, utvikling, kosthald, seksualitet, psykisk helse m.m.

Skulehelsetenesta samarbeider med andre hjelpeinstansar som t.d. fastlege, tannlege og spesialist. Samarbeid skjer berre etter samtykke frå føresette/evt. Eleven sjølv.

Kontakt helsesjukepleiar ved spørsmål. Føresette med barn i alderen 6-12 år vert oppmoda til å ta kontakt via Helsenorge.

Kven kan få tenesta

- Elevar ved Brakanes barne- og ungdomsskule, samt deira føresette/næraste pårørande
- Tilsette ved Brakanes barne- og ungdomsskule

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 1 bokstav a
- Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta § 3 bokstav b

3.4. Fysioterapitenesta for barn og unge

Innhald i tenesta

Fysioterapeuten er involvert i helsefremjande og førebyggjande arbeid retta mot barn og unge. Dette er ofte knytt til informasjon og rettleiing på helsestasjon eller i tverrfagleg samarbeid i skulehelsetenesta. Ved sjukdom eller skade gjer ein grundig undersøking som gjer eit bilete av barnets ressursar, funksjonsnivå, utviklingsnivå og interesser.

Kven kan få tenesta

Barn og unge under 16 år har rett på gratis undersøking og behandling hjå fysioterapeut. Ein tar sjølv direkte kontakt med fysioterapeut, det er ikkje behov for tilvising. Om ein ynskjer kan fysioterapeuten også delta på konsultasjonar saman med helsesjukepleiar eller fastlege.

Eigenbetaling

Tenesta er gratis for barn og ungdom opp til 16 år. Eigenandel for dei som er eldre.

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

3.5. Følgjekort barn og unge

Innhald i tenesta

Følgjekort er eit digitalt kort som du får tilgang til via ein app på telefonen. Kortet inneheld bilete og namn på innehavaren. Kortet skal gje følgjeperson fri tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel der ordninga vert akseptert

Ordninga er landsdekkjande og kan nyttast over kommune- og fylkesgrensene. Du må sjølv undersøkje om følgjekortet vert godteke på arrangementet du vil delta på

Merk at følgjekort er ei norsk ordning og du kan difor ikkje rekna med at kortet vert akseptert i utlandet.

Kven kan få tenesta

- Barn og unge med sjukdom eller nedsett funksjonsevne med antatt varigheit utover to år, der sjukdommen gjer at barnet/ungdommen har behov for hjelp eller følgje for å kunne delta på arrangement
 - o Følgjekort kan vera aktuelt for personar med:
 - Rørslehemming
 - Høyrselshemming
 - Utviklingshemming
 - Nokon psykiske lidingar
 - Kroniske sjukdommar som t.d. alvorleg hjarte- og lungesjukdom
 - Andre funksjonsnedsettingar eller kroniske sjukdommar
- For barn under skulealder må ein kunna dokumentera at barnet har eit større følgjebehov enn det som hadde vore tilfelle om barnet ikkje hadde ein funksjonsnedsetting, og at det difor medfører ekstra kostnadar samanlikna med jamaldrande som deltek på same type aktivitet
- I utgangspunktet vil berre barn under skulealder med særleg omfattande assistansebehov tildelast følgjekort

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Følgjekort er ikkje ein lovpålagt teneste, men ei frivillig ordning som heradet sjølv har valt å slutta seg til. BUFDIR har utarbeidd rettleiande nasjonale retningslinjer, og Ulvik herad har tatt utgangspunkt i desse.

3.6. Individuell plan

Innhald i tenesta

Ein har rett på å få utarbeidd individuell plan (IP) dersom ein har behov for komplekse eller langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester.

Den individuelle planen beskriv korleis tenestene skal samarbeida slik at barnet/ungdommen får heilskapleg oppfølging. Planen utarbeidast i samarbeid mellom deg og tenesteytarane dine, og skal oppdaterast fortløpande. Planen skal ta utgangspunkt i kva som er viktig for barnet/ungdommen og ta spesielt omsyn til deira behov.

Kven kan få tenesta

- Barn/ungdom med behov for fleire helse- og omsorgstenester, der tenestene må samarbeida for at tilbodet skal vera heilskapleg og koordinert. Behovet må gå over ei viss tid, men treng ikkje vera varig

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova §§ 2-5 og 2-5 b
- Helse- og omsorgstenestelova §§ 7-1 og 7-2

3.7. Barnekoordinator

Innhald i tenesta

Familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette koordinerte helse- og omsorgstenester samt andre velferdstenester, har rett til barnekoordinator.

Desse barna/ungdommane har ofte eit omfattande hjelpebehov, med behov for tett oppfølging i ulike fasar av livet. Tenesta skal sikra meir samanhengande og betre koordinerte tenester til desse, samt hjelpa og avlasta foreldra.

Barnekoordinatoren skal hjelpa med koordinering og kommunikasjon med andre instansar, informasjon og rettleiing om tenester og søknadar/førespurnadar til aktuelle instansar samt innkalling til tverrfaglege samarbeidsmøte

Barnekoordinator vert tildelt familien.

Kven kan få tenesta

- Familien ventar barn eller har barn under 18 år. Familien omfattar dei som har omsorgsansvaret for barnet eller ungdommen.
- Barnet har alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne (somatisk, psykisk, fysisk, sosial, kognitiv, sensorisk art)
- Barnet vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-5 c
- Helse- og omsorgstenestelova § 7-2 a

3.8. Fritidskontakt barn og unge

Innhald i tenesta

Fritidskontakt – også kalla støttekontakt – skal bidra til at du får ei meningsfull fritid gjennom sosialt samvær og deltaking på aktivitetar – som til dømes kino, kafé, fysisk aktivitet/trening eller kulturelle arrangement. Formålet med tenesta er at den einskilde brukar skal få hjelp til å komma seg ut av heimen og vera sosial.

Omfang og varigheit på tenesta vert individuelt vurdert, men utgangspunktet er at tenesta vert innvilga med to timar per veke.

Kven kan få tenesta

- Barn/unge med ei funksjonsnedsetjing, uavhengig av type diagnose, som gjer at vedkommande treng bistand for å utføra fritidsaktivitetar og for å kunne delta sosialt. Døme på funksjonsnedsetting: Somatisk/kroppslig eller psykisk sjukdom, skade eller liding, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.
- Framandspråklege, t.d. flyktningar, som treng hjelp til å bli kjend i lokalmiljøet, bygga sosiale nettverk og samstundes lære språk. Fritidskontakt kan bidra til å finna møteplassar, samt fremma integrering og deltaking.

Tenesta vert som hovudregel ikkje innvilga born under åtte år, men det kan gjerast unntak frå dette ved særskilde grunnar

Eigenbetaling

Tenesta er gratis, men ho dekker *ikkje* kostnadar brukar har i samband med aktivitetar.

Heradet dekker eventuelle utgifter til aktivitetar som fritidskontakten har med ein fastsett sum.

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2, punkt 6 bokstav b

3.9. Kommunepsykolog for barn og ungdom

Innhald i tenesta

Individuelle samtalar med psykolog. Tilbodet inneber hjelp til meistring av milde til moderate psykiske problem, og er meint å vera av kortvarig art. Tilbodet kan også innebera samarbeid med andre hjelpeinstansar, og ein vil få råd og rettleiing for vegen vidare etter samtalane.

Kven kan få tenesta

Barn og unge under 18 år med milde til moderate psykiske problem med tilvising frå fastlege, spesialvernepleiar eller helsesjukepleiar

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

3.10. Avlastning barn og unge under 18 år

Innhald i tenesta

Avlastning er eit tilbod til føresette/andre som utfører særleg tyngande omsorgsarbeid for eit born dei har dagleg omsorg for.

Kva form for avlastning som vert gitt avheng av den einskilde sitt behov og vert individuelt tilpassa. Avlastning finns i fleire formar – til dømes einskildtimar og/eller døgn. Avlastning kan gis i både institusjon og privat heim.

Avlastning vert som utgangspunkt innvilga med inntil eitt år av gangen.

Kven kan få tenesta

- Føresette/andre som har dagleg omsorg og utfører særleg tyngande omsorgsarbeid for eit barn.
- Omsorga må klart overstige normal omsorg for barn på same alder
- Tenesta vil sjåast i samanheng med det totale tilbodet familien mottar

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-8
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-6

3.11. Omsorgsstønad barn og unge

Innhald i tenesta

Omsorgsstønad kan tildelast som ei delvis økonomisk kompensasjon til privatpersonar som er vurdert til å ha eit særleg tyngande omsorgsarbeid. Dette gjeld omsorgsarbeid som elles ville ha vorte utført av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dersom omsorgsstønad innvilgast, vil det gjerast ei konkret og individuell vurdering på kor høg kompensasjonen skal vera. Utmålinga vert gjort etter etablerte prinsipp, og eventuell innvilga hjelpestønad frå NAV trekkast frå utmålt kompensasjon.

Omsorgsstønad innvilgast for inntil eitt år av gongen. Det er heradet som etter kartlegging tar stilling til om det skal innvilgast omsorgsstønad, eller om behovet skal dekkast på andre måtar.

Omsorgsstønad er ikkje meint som kompensasjon time-for-time, og det skal takast omsyn til andre helse- og omsorgstenester den hjelpetrengande mottar.

Heradet kan legge ei viss vekt på si eiga økonomi i vurderinga av om det skal innvilgast omsorgsstønad.

Kven kan få tenesta

- Privatperson som utfører særleg tyngande omsorgsarbeid for ein som er hjelpe/pleietrengande
- Omsorgsstønad kan vurderast om omsorga klart overstig normal omsorg for born på same alder
- Den som har hjelpebehovet ynskjer at denne personen skal stå for hjelpa, og det vurderast til at det er det beste både for omsorgsmottakar- og ytar
- Det må dokumenterast at det er søkt hjelpestønad frå NAV

Heimel og rettskilder

- Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-6
- Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-8
- I-42/98 - Retningslinjer for omsorgslønn
- Brev frå Helsedirektoratet til landets statsforvaltarar: "Omsorgstønad - Rettslige rammer og forholdet til forsvarlighetskravet"

4. HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL VAKSNE

4.1. Fysioterapi

Innhald i tenesta

Fysioterapeutar er autorisert helsepersonell og har et sjølvstendig vurderings- og behandlingsansvar i pasientsituasjonar. Kunnskapsfeltet er kropp, bevegelse og funksjon.

Fysioterapeuten kartlegg funksjonsproblem og bidrar til tiltak og opptrening som kan styrka pasientens funksjonsnivå.

I Ulvik herad er det to kommunale fysioterapeutar i 100% stilling. Du finn dei på instituttet i sentrumsbygget, der hovudfokuset er på kurativ behandling ved timebestilling. Det er eit stort fokus på tverrfagleg samarbeid, helsefremjande og forebyggjande arbeid.

Kven kan få tenesta

Folk i alle aldersgrupper med utfordringar/spørsmål/retteleings- eller rehabiliteringsbehov knytt til kropp, rørsle og funksjon kan få fysioterapi. Ein treng ikkje tilvising for å ta kontakt.

Eigenbetaling

Ein betalar eigenandel for tenesta etter reglane i Forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi ([Forskrift om stønad til dekning av utgifter til fysioterapi m.m - Lovdata](#))

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

4.2. Ergoterapi

Innhald i tenesta

Ergoterapi er eit tilbod til menneske i alle aldrar som av ulike grunnar har, eller står i fare for å få, vanskar med å utføra og meistre daglege aktivitetar. Ergoterapeut tar utgangspunkt i kva som er meningsfullt og viktig for den einskilde.

Ergoterapeutar fremmar aktivitetsutføring, legg til rette for meningsfull aktivitet og utviklar inkluderande omgivnader for at flest mogleg skal kunna oppleva deltaking og meistring.

Døme på kva ergoterapeut kan hjelpa med:

- Funksjonsutgreiing, testing, kartlegging og observasjon av korleis du utfører dei daglege aktivitetane dine
- Trena på å utføra/meistre daglege aktivitetar
- Råd og rettleiing om korleis bustaden eller andre arenaar du ferdast på kan tilpassast og gjerast funksjonell for deg
- Tilpassing av bustad
- Vurdera behov for tekniske hjelpemiddel, søknad og opplæring i bruk
- Samarbeid med andre tenester og faggrupper

I Ulvik herad er det ein ergoterapeut i 60% stilling, med kontorplass på Ulvik Omsorgstun.

Kven kan få tenesta

tenesta kan nyttast av alle med kort- eller langvarige funksjonsnedsetjingar. Ein treng ikkje tilvising for å ta kontakt.

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

4.3. Logoped

Innhald i tenesta

Logoped arbeider med språklydvanskar, taleflytvanskar, oralmotoriske vanskar, stemmevanskar, afasi/dysartri/dysfagi, og nevrologiske tilstandar.

Ulvik herad har driftsavtale med privatpraktiserande logoped. Ved ynskje om time, lyt ein sjølv ta direkte kontakt med logopeden.

Kven kan få tenesta

Vaksne i alle aldrar med utfordringar eller spørsmål innanfor logoped sitt arbeidsområde.

Eigenbetaling

Ein betalar eigenandel for tenesta

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova

4.4. Jordmorteneste og svangerskapsomsorg

Innhald i tenesta

Jordmortenesta er ein del av helsestasjonstenesta i heradet og er eit samarbeid med fødeavdelinga på Voss sjukehus. Du kan sjølv velgje om du vil gå til jordmor, fastlege eller ein kombinasjon av desse under svangerskapet.

Oppfølginga vert tilpassa etter risikovurdering og individuelle behov. Målet er å styrkja det som bidrar til god mental helse, meistring og normal utvikling i svangerskapet, og å avdekke risiko slik at tiltak vert sett inn til rett tid. Gjennom helsekontroll, helsesamtale, råd og rettleiing vil ein få støtte i svangerskap, fødsels- og foreldreførebuing.

Jordmor tilbyr også heimebesøk etter fødsel og kan tilby hjelp til familieplanlegging og val av prevensjon.

For timebestilling må ein kontakta Ulvik legekantor. Jordmor er til stades ein dag annakvar veke.

Kven kan få tenesta

- Gravide som ynskjer oppfølging av jordmor under svangerskapet
- Dei som ynskjer oppfølging i den første tida med det nyfødde barnet

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

Forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta

4.5. Barseltreff

Innhald i tenesta

Ulvik helsestasjon arrangerer barseltreff kvar onsdag kl.11:00-13:00 v/Ulvik Omsorgstun.

Barseltreff er møte mellom nybakte foreldre og deira babyar. Føremålet med treffa er å kunne dele erfaringar, oppmuntra og støtta kvarandre og få kontakt med andre i same livssituasjon.

Treffa er organisert slik at helsesjukepleiar deltek på nokre av treffa, der ein tar opp ulike tema som amming, mental helse, motorisk utvikling og førstehjelp til spedbarn. Fysioterapeut, logoped, kommunepsykolog, tannpleiar og lege besøker også barseltreffet.

Kontakt helsesjukepleiar for meir informasjon om datoar og tema

Kven kan få tenesta

Mødre, fedre og barn fram til barnehagestart

Eigenbetaling

Treffa er gratis

Heimel

Barseltreff i seg sjølv er ikkje ei lovpålagt teneste, men heradet har ein lovpålagt plikt til å ha barselomsorgstenester jfr. Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 2. Det følger også av forskrift om helsestasjons- og skulehelsetenesta at helsestasjonstenesta skal driva opplysningsverksemd, samt helsefremjande og førebyggjande psykososialt arbeid

4.6. Følgjekort vaksne

Innhald i tenesta

Følgjekort er eit digitalt kort som du får tilgang til via ein app på telefonen. Kortet inneheld bilete og namn på innehavaren. Kortet skal gje følgjeperson fri tilgang til offentlege kultur- og fritidsarrangement og offentlege transportmiddel der ordninga vert akseptert.

Ordninga er landsdekkjande og kan nyttast over kommune- og fylkesgrensene. Du må sjølv undersøkje om følgjekortet vert godteke på arrangementet du vil delta på

Merk at følgjekort er ei norsk ordning og du kan difor ikkje rekna med at kortet vert akseptert i utlandet.

Kven kan få tenesta

- Vaksne med sjukdom eller nedsett funksjonsevne med antatt varigheit utover to år, der sjukdommen gjer at vedkommande har behov for hjelp eller følgje for å kunne delta på arrangement
 - o Følgjekort kan vera aktuelt for personar med:
 - Rørslehemming
 - Høyrselshemming
 - Utviklingshemming
 - Nokon psykiske lidingar
 - Kroniske sjukdommar som t.d. alvorleg hjarte- og lungesjukdom
 - Andre funksjonsnedsettingar eller kroniske sjukdommar
- Det er inga øvre aldersgrense, men høg alder i seg sjølv gjer ikkje rett til følgjekort. Behovet må vera dokumentert.

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

Følgjekort er ikkje ein lovpålagt teneste, men ei frivillig ordning som heradet sjølv har valt å slutta seg til. BUFDIR har utarbeidd rettleiande nasjonale retningslinjer, og Ulvik herad har tatt utgangspunkt i desse.

4.7. Habilitering og rehabilitering

Innhald i tenesta

Kommunen skal syta for at innbyggjarane får sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering på kommunalt nivå. Ulvik herad si koordinerande eining skal syta for godt samarbeid

på tvers av fagfelt, og bidra til at brukarar med samansette behov får eit heilskapleg tenestetilbod. Koordinator og individuell plan er viktig i re/habiliteringsarbeidet.

Tilbodet skal vera differensiert og variert, og tilpassast den einskilde sitt behov.

Kven kan få tenesta

Målgruppa for habilitering og rehabilitering er personar som har, eller står i fare for å få, avgrensa fysisk, psykisk, kognitiv eller sosial funksjonsevne.

Pasientar eller brukarar med behov for habilitering har funksjonsnedsettingar som skuldast medfødde eller tidleg erverva tilstandar.

Pasientar eller brukarar med behov for rehabilitering har behov for å gjenvinna tapte funksjonar etter sjukdom, skade, inaktivitet eller rusavhengigheit.

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr.5
- Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator
- Rehabiliteringsplan for Ulvik herad 2018-2021

4.8. Individuell plan og koordinator

Innhald i tenesta

Ein har rett på å få utarbeidd individuell plan (IP) dersom ein har behov for komplekse eller langvarige og koordinerte helse- og omsorgstenester. Ein har også rett på å få eigen koordinator som

skal ha ansvar for å leia arbeidet med IP. Uavhengig av om ein ynskjer IP, skal kommunen tilby koordinator. Koordinator skal syta for naudsynt oppfølging av den einskilde pasient eller brukar.

Den individuelle planen beskriv korleis tenestene skal samarbeida slik at du får heilskapleg oppfølging. Planen utarbeidast i samarbeid mellom deg og tenesteytarane dine, og skal oppdaterast fortløpande. Planen skal ta utgangspunkt i dine behov, og kva som er viktig for deg.

Koordinator skal leggja til rette for godt samarbeid mellom tenesteytarane sånn at du får god og koordinert oppfølging. Koordinator vil typisk vera ein av dei du mottar tenester frå. Du kan sjølv koma med ønske om kven som skal vera din koordinator.

Kven kan få tenesta

- Personar med behov for fleire helse- og omsorgstenester, der tenestene må samarbeida for at tilbodet skal vera heilskapleg og koordinert. Behovet må gå over ei viss tid, men treng ikkje vera varig
- Ein kan få koordinator sjølv om ein ikkje ynskjer individuell plan

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova §§ 2-5 og 2-5 b
- Helse- og omsorgstenestelova §§ 7-1 og 7-2
- Forskrift om individuell plan ved ytelse av velferdstjenester
- Forskrift om habilitering, rehabilitering og koordinator

4.9. Fritidskontakt vaksne

Innhald i tenesta

Fritidskontakt – også kalla støttekontakt – kan bidra til at du får ei meningsfull fritid gjennom sosialt samvær og deltaking på aktivitetar – som til dømes kino, kafé, fysisk aktivitet/trening eller kulturelle

arrangement. Formålet med tenesta er at den einskilde brukar skal få hjelp til å komma seg ut av heimen og vera sosial.

Omfang og varigheit på tenesta vert individuelt vurdert, men utgangspunktet er at tenesta vert innvilga med to timar per veke.

Kven kan få tenesta

- Personar med ei funksjonsnedsetjing, uavhengig av type diagnose, som gjer at vedkommande treng bistand for å utføra fritidsaktivitetar og for å kunne delta sosialt. Døme på funksjonsnedsetting: Somatisk/kroppslig eller psykisk sjukdom, skade eller liding, rusmiddelproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.
- Framandspråklege, t.d. flyktningar, som treng hjelp til å bli kjend i lokalmiljøet, bygga sosiale nettverk og samstundes læra språk. Fritidskontakt kan bidra til å finna møteplassar, samt fremma integrering og deltaking.

Eigenbetaling

Tenesta er gratis, men ho dekker *ikkje* kostnader i samband med aktivitetar.

Heradet dekker eventuelle utgifter til aktivitetar som fritidskontakten har med ein fastsett sum.

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2, punkt 6 bokstav b

4.10. Teneste for psykisk helse og rusarbeid (POR)

Innhald i tenesta

Tenesta for psykisk helse og rusarbeid skal tilby hjelp og rettleiing til personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus, samt pårørande til personar med nemnde utfordringar. Samarbeid med t.d. fastlege, DPS eller andre skjer etter samtykke frå brukar.

Tenesta for psykisk helse og rusarbeid er i hovudsak eit lågterskeltilbod som ikkje treng søkast om, og som ikkje treng vedtak. Dersom du har vedvarande utfordringar som gjer at tenesta må koma heim til deg, kan det vurderast å fatta vedtak.

Du tek direkte kontakt med tenesta ved behov for hjelp, eller dersom du har spørsmål.

Kven kan få tenesta

- Ungdom og vaksne over 16 år med fast eller mellombels opphald i heradet
- Personar som opplev psykiske utfordringar som t.d. depresjon, sjølv mordstankar, angst, eller som står i ei livskrise (lista er ikkje uttømmende). Utfordringane kan vera av både kort- og langvarig art
- Personar som har utfordringar knytt til bruk av alkohol, illegale rusmiddel og/eller føreskrivne medikament
- Pårørande til personar med utfordringar knytt til psykisk helse og/eller rus

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 5
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 2. ledd

4.11. Kommunepsykolog

Innhald i tenesta

Individuelle samtalar med psykolog. Tilbodet inneber hjelp til meistring av milde til moderate psykiske problem, og er meint å vera av kortvarig art. Tilbodet kan også innebera samarbeid med andre hjelpeinstansar, og ein vil få råd og rettleiing for vegen vidare etter samtalane.

Kven kan få tenesta

Vaksne over 18 år med milde til moderate psykiske problem med tilvising frå fastlege, helsesjukepleiar eller teneste for psykisk helse og rusarbeid (POR).

Eigenbetaling

Tilbodet er gratis

Heimel

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2

4.12. Utkøyring av måltid

Innhald i tenesta

Varm middag levert heim inntil sju dagar i veka – inkludert høgtidsdagar. Middagen består av hovudrett med dessert/kake eller suppe. Diettmat/spesialkost kan leverast ved behov.

Ved behov kan ein også få utkøyrd frukost og kveldsmat (brødmatt).

Tenesta vert behovsvurdert og kan tidsavgrensast.

Kven kan få tenesta

Tenesta er for heimebuande som på grunn av sjukdom, alder, funksjonsnedsetting eller som av andre grunnar har vanskar med å laga mat eller å ivareta sitt eige næringsbehov.

Tenestemottakars ansvar

- Tenestemottakar må vere heime den tida maten vert levert
- Tenestemottakar må opplysa om eventuelle allergiar/behov for diettmat
- Ved endra behov, har tenestemottakar sjølv ansvar for å melde frå til kjøkenet. Utlevert mat vert fakturert

Eigenbetaling

Pris på tenesta vert vedtatt av heradsstyret, og oppdaterast årleg - sjå gebyrhefte

Heimel

Utkøyring av måltid er ikkje ei lovpålagt teneste, men eit lokalt tilbod i Ulvik herad

4.13. Velferdsteknologi

Innhald i tenesta

Velferdsteknologi er teknologisk assistanse som med anna skal bidra til auka tryggleik, sosial deltaking og mobilitet. Målet er at ein skal styrka den einskilde si evne til å klara seg sjølv i kvardagen – til tross for sjukdom og sosial, psykisk eller fysisk nedsett funksjonsevne.

Velferdsteknologi inkluderer ei lang rekkje hjelpemiddel og teknologiske innrettingar – som til dømes komfyrvakt, røyrlesensor og hugsehjelpemidlar som t.d. medisindosett.

Kven kan få tenesta

Velferdsteknologi er ein del av den ordinære helse- og omsorgstenesta, og tildelast etter at ein har kartlagt aktuelt behov for tenester. Velferdsteknologi vil vurderast på lik linje med andre tenester.

Eigenbetaling

Eigenbetaling vil variera. Dersom velferdsteknologi vert nytta for å yta helsehjelp, skal det ikkje krevjast eigenbetaling.

Heimel

Velferdsteknologi er ikkje definert som ei eiga teneste i lovverket, men kan vera eit verktøy eller tiltak for å yta helse- og omsorgstenester

3.7.1 Tryggleiksalarm

Innhald i tenesta

Tryggleiksalarm er ein alarmknapp til bruk i eigen bustad som gjer det mogleg å kunne tilkalla hjelp på ein enkel måte ved utføresette og akutte hendingar.

Alarmen består av ein boks med høgtalar og mikrofon, samt ein alarmknapp som du kan bere som eit halssmykke eller som klokke på armen. Når du trykker på alarmknappen blir du sett i kontakt med helsepersonell ved Ulvik Omsorgstun via to-vegs kommunikasjon gjennom alarmboksen.

Helsepersonell vurderer behov for utrykking og kjem heim til deg ved behov, uansett tid på døgnet.

Tryggleiksalarm er meint som ein tryggleik ved brå og alvorleg endring i helsetilstand, der du ikkje er i stand til å hjelpa deg sjølv og treng rask hjelp frå helsepersonell. Dette kan til dømes vera fall med skade, pustevanskar eller andre symptom som ikkje kan vente på vanleg helsehjelp.

Alarmen skal ikkje erstatta kontakt med fastlege, og ved livstruande situasjonar skal ein alltid kontakta naudnummer 113.

Særskilde vilkår for tryggleiksalarm

- Tryggleiksalarmen skal berre nyttast i situasjonar som krev rask hjelp frå helsepersonell.
- Tenesta kan avsluttast dersom alarmen vert misbrukt - til dømes at den vert utløynt i situasjonar som ikkje kan definerast som akutte.

Kven kan få tenesta

- Personar med stor risiko for fall, og som ikkje klarar å komma seg opp utan hjelp
- Personar med alvorleg eller kronisk sjukdom, t.d. KOLS, diabetes, hjartesjukdom
- Personar som har vanskar med å bruka vanleg telefon eller mobiltelefon for å tilkalla hjelp
- Personar som kjenner seg utrygg, eller føler uro i heimen

Eigenbetaling

Ein betalar ein fastsett sum per månad, i tillegg til eit monteringsgebyr.

Prisen vert fastsett av heradsstyret, og kan verta justert - sjå gebyrhefte.

Heimel

Tryggleiksalarm er ikkje ei lovpålagt teneste, men eit velferdsteknologihjelpemiddel Ulvik herad vel å tilby sine brukarar

4.14. Praktisk bistand/heimehjelp

Innhald i tenesta

Praktisk bistand/heimehjelp kan tildelast personar som ikkje kan utføra daglege gjeremål i heimen.

Hjelpe kan til dømes bestå av reingjering av bustad, klesvask, sengeskiift m.m. og skal bidra til at du kan bu trygt og godt heime.

Praktisk bistand/heimehjelp skal tilpassast kvar enkelt, og skal støtta opp under eigne ressursar. Tenesta vert tildelt og tidsavgrensa etter individuell kartlegging og vurdering av funksjonsnivå, helsetilstand og behov.

Tenesta kan også innvilgast som opplæring og rettleiing.

Særskilde vilkår for praktisk bistand/heimehjelp

- Berre rom som er i dagleg bruk vert reingjort. Ved stort husvære må du prioritera eitt bad og ei stove for reingjering. Vask av vindauge, tak, veggar og dusjkabinett er ikkje inkludert i tenesta
- Tenesta er ikkje tilgjengeleg i helgar og på heilagdag. Om din reingjeringsdag fell på helg- eller heilagdag vert timen fjerna og ikkje fakturert
- Du må vera til stades i heimen når du får hjelp
- Dersom du er reist vekk, eller det av andre grunnar ikkje passar å få hjelp ein dag, må du hugse å avbestilla. Heimehjelp som ikkje er avbestilt innan 48 timar i forkant vert fakturert
- I feriar eller ved sjukdom kan tenesta verta avgrensa eller avlyst
- Oppgåver som t.d. pussing av sølvtøy, hagearbeid, dyrehald og flyttehjelp er ikkje kommunen sitt ansvar

Kven kan få tenesta

- Personar som på grunn av nedsett funksjonsevne eller sjukdom ikkje klarar å ivareta praktiske oppgåver i heimen, sjølv med god tid, hjelpemiddel og tilrettelegging
- Andre husstandsmedlem ikkje er i stand til å utføra oppgåvene. Det vert gjort ei vurdering av heile husstanden samla.

Forventningar til tenestemottakar

- Syta for naudsynt reingjeringsutstyr (t.d. støvsugar, mopp, klutar, miljøvenleg vaskemiddel)
- Er til stades når hjelpe kjem
- Kan vera villig til å testa hjelpemiddel som t.d. robotstøvsugar
- Bidreg med det ein klarar – følgjer opp eigentrening og aktivitet om det er ein del av opplegget

- At ein ikkje røyker ved besøk – og at ein luftar godt ut på førehand
- At ein held hundar og andre husdyr vekke frå dei tilsette – om mogleg på eige lukka rom
- Legg til rette for at tenesta kan utførast – syta for god framkomst – rydda snø og strø privat veg, syta for utvendig lys
- Dersom bustaden er svært skitten/rotete, må bustaden vaskast ned/ryddast før tenesta kan starta

Eigenbetaling

Ein betaler eigenandel for tenesta. Kommunen tar betalt etter reglane i kapittel 2 i forskrift om eigenbetaling for helse- og omsorgstenester. For berekning av eigenandel vert det henta inn inntektsopplysningar direkte frå Skatteetaten. Summen av husstandens samla inntekt vert lagt til grunn.

Nivå for eigenbetaling vert årleg fastsett av Heradsstyret, og pris skal gå fram av gjeldande gebyrhefte.

Heimel

Pasient- og brukarrettslova § 2-1

Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6 bokstav b

4.15. Heimesjukepleie

Innhald i tenesta

Heimesjukepleie er ei helseteneste som vert gitt til personar som har behov for nødvendig helsehjelp i eigen heim. Tenesta rettar seg mot personar med akutt eller kronisk sjukdom, kognitiv svikt eller funksjonsnedsetting, og vert tildelt etter ei fagleg vurdering som tek utgangspunkt i brukaren sitt funksjonsnivå og helsetilstand.

Heimesjukepleie vert tildelt som punktvisse besøk individuelt tilpassa brukaren. Målet med tenesta er å gi støtte og hjelp slik at brukaren kan bu heime så lenge som mogleg.

Kven kan få tenesta

Heimesjukepleie kan tildelast personar som bur eller oppheld seg mellombels i Ulvik herad, og som har behov for helsehjelp i heimen. Dette kan vere personar med akutt eller kronisk sjukdom, kognitiv svikt eller nedsett funksjonsevne, og som heilt eller delvis ikkje klarer å utføra nødvendige helse- og omsorgsoppgåver sjølv. Behovet blir vurdert gjennom ei fagleg kartlegging med særleg vekt på funksjonsnivå, evne til eigenomsorg og den samla helsetilstanden.

Avgrensingar i tenesta

- Pasientar som er mobile skal som hovudregel få hjelp ved fastlegekontoret ved behov for til dømes stell av sår, skift av kateter eller dren, blodprøvar eller injeksjonar.
- Dersom hjelpebehovet kan løysast ved bruk av hjelpemiddel eller velferdsteknologiske løysingar, er utgangspunktet at ein først skal forsøke dette - I slike tilfelle kan det bli gitt opplæring i bruk av utstyret i ein avgrensa periode.

Forventingar til tenestemottakar

Sjå avsnittet om krav og forventningar til deg som mottak helsehjelp i heimen

Eigenbetaling

Tenesta er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-1
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6 bokstav a

4.16. Dagtilbod for personar med demens

Innhald i tenesta

Dagtilbod for personar med demens vert gitt ved Ulvik Omsorgstun. Tilbodet gjev deltakarane høve til å delta i sosiale og meningsfulle aktivitetar, fysisk aktivitet og stimulering i kvardagen. Eit viktig mål er å bidra til å vedlikehalda funksjonsevne, styrkje livskvaliteten og førebygge isolasjon og einsemd. Dagtilbodet fungerer òg som avlasking for pårørande.

Innhaldet i dagtilbodet blir tilpassa brukargruppa, og kan variere. Felles for tilboda er at dei skal gi struktur og meistring i kvardagen, med fokus på trivsel, sosialt fellesskap og helsefremjande aktivitetar.

Tilbodet kan omfatta:

- Sosialt samvær og felles aktivitetar
- Måltid i fellesskap
- Fysisk aktivitet og kvardagsrehabilitering
- Støtte til å oppretthalde daglege ferdigheiter

Ved ynskje om meir informasjon om dagtilbodet, kan ein ta kontakt med tildelingskontoret som vil setje deg i kontakt med demenskoordinator.

Kven kan få tenesta

Tilbodet er heimebuande personar med demens.

Eigenbetaling

Det vert kravd eigenbetaling for kost (måltid) under opphaldet. Pris vert fastsett etter gjeldande satsar i Ulvik herad, sjå gebyrhefte.

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-1
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 7

4.17. Omsorgsbustad

Innhald i tenesta

Tilrettelagd bustad med alt på ei flate, utan dørstokkar/tersklar. Bustadane har ekstra dørbreidde og er tilrettelagd for rullestolbrukarar. Tenestemottakar er sjølvstendig leigetakar og skriv kontrakt med huseigar. Det er inntaksnemnda som avgjer søknad om omsorgsbustad.

Bustadane er som utgangspunkt ikkje møblerte.

Særlege vilkår for tildeling av omsorgsbustad

- Tildeling av omsorgsbustad gir ikkje automatisk rett til helse- og omsorgstenester som t.d. heimesjukepleie og heimehjelp
- Du kan ikkje behalda omsorgsbustaden dersom du får tildelt langtidsplass i institusjon eller tilbod om Omsorg+
- Dersom du får positivt vedtak om omsorgsbustad, men det ikkje er ledig bustad, vert du sett på venteliste. Ved prioritering vil inntaksnemnda ta ei vurdering på kven som har det mest påtrengande behovet

Kven kan få tenesta

- Personar med nedsett funksjonsevne som ikkje kan fungera i eigen bustad grunna upraktisk romløyning, trapper, m.m., og der det ikkje er mogleg å gjera naudsynte endringar/justeringar i bustaden
- Personar som grunna isolasjon/angst har vesentleg nedsett livskvalitet og tap av sosialt og fysisk funksjonsnivå
- Andre personar som har eit pleie- og omsorgsbehov som best kan gjevast i omsorgsbustad og for at vedkommande skal kunne leva og bu sjølvstendig lengst mogleg
- Personar med lovleg opphald i Noreg
- I utgangspunktet er tilbodet for personar som har hatt folkeregistrert adresse i Ulvik herad i minst eitt år. Ved heilt spesielle grunnar kan dette kravet fråvikast

Eigenbetaling

Tenestemottakar betalar husleige etter vilkår som går fram av leigekontrakt

Heimel

- Omsorgsbustad er ikkje ei lovpålagt teneste, men eit tilbod ein har prioritert i Ulvik herad for at eldre og andre med funksjonsnedsettingar skal kunne bu lengst mogleg i eigen heim
- Husleigelova

4.18. Dag- og nattopphald i institusjon

Innhald i tenesta

Dag- og nattopphald vert gitt ved Ulvik Omsorgstun, og er eit tidsavgrensa institusjonstilbod for personar som bur heime, men som har behov for omsorg og tilsyn delar av døgnet. Målet med

tenesta er å gi nødvendig oppfølging og støtte, slik at brukar kan bu heime så lenge som mogleg. Tilbodet kan bidra til å førebyggje funksjonssvikt eller utsette behovet for langtidsopphald i institusjon.

Dagopphald omfattar aktivisering, sosialt fellesskap, måltid og helsefagleg tilsyn gjennom dagen. Tenesta gir struktur og tryggleik for den eldre, og kan også fungere som eit avlastingstilbod for pårørande som er i arbeid eller har eigne omsorgsbehov.

Nattopphald rettar seg mot personar som har særskilde behov for tilsyn eller bistand på natt. Dette kan til dømes vere eldre som bur aleine og har angst, fysiske funksjonsnedsetjingar eller sjukdom som krev nærleik til helsepersonell om natta. Nattopphald kan òg nyttast som avlasting for pårørande som treng kvile for å kunne ivareta omsorga elles i døgnet.

Kven kan få tenesta

Dag- og nattopphald kan tildelast eldre som bur heime, og som har behov for omsorg, tilsyn eller fagleg oppfølging delar av døgnet, men som ikkje har behov for eit permanent opphald i institusjon. Brukar må ha eit hjelpebehov som det er vanskeleg å dekkja i heimen, og må oppfylle eitt eller fleire av følgjande kriterium:

- Behov for omsorg, sjukepleie og/eller legetilsyn i institusjon
- Behov for etterbehandling etter sjukehusopphald
- Behov for observasjon eller vurdering av helsetilstand og funksjonsnivå
- Behov for opptrening for å meistre daglege gjeremål

Dagopphald kan òg tildelast personar som:

- Har behov for sosialt fellesskap og aktivisering
- Har behov for å bryte isolasjon i heimen
- Har funksjonssvikt som gjer at dei ikkje kan nyttiggjere seg tilbod i aktivitetssenter

Nattopphald kan tildelast personar som:

- Har behov for spesiell bistand eller tilsyn om natta

Eigenbetaling

- Kommunen krev eigenandel etter satsane i forskrift om eigendel for kommunale helse og omsorgstenester § 4
- Dag- eller nattopphald som vert tildelt som avlastning til pårørende er gratis

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-1
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 og 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c

4.19. Avlastningsopphald i institusjon

Innhald i tenesta

Avlastningsopphald i institusjon er eit tilbod til personar med særleg tyngande omsorgsarbeid.

Tenesta skal bidra til at omsorgsgivar får naudsynt ferie og fritid.

Ved avlastning i institusjon, får den pleietrengande opphald ved Ulvik Omsorgstun.

Den pleietrengande vert oppmoda om å ha med seg medisinar og anna naudsynt forbruksmateriell

Det er inntaksnemnda som etter søknad fattar vedtak om avlastningsopphald i institusjon.

Kven kan få tenesta

Omsorgsyttarar som er vurdert til å ha eit særleg tyngande omsorgsarbeid – dette kan t.d. vera arbeid på natt/avbrot i søvn, sosial isolasjon, mangel på ferie og fritid m.m.

Avlastning i institusjon vert tildelt som naudsynt pårørandestøtte. Dersom den pleietrengande har vesentleg nytte av opphaldet, vert det tildelt som eit ordinært korttidsopphald.

Dersom den pleietrengande under opphaldet har eller får behov for lege eller fysioterapi, vert opphaldet omgjort til eit korttidsopphald. I slike tilfelle må ein betala eigenandel jfr. forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester

Eigenbetaling

Det er ikkje eigenandel for avlastningsopphald

Heimel

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-6
- Pasient- og brukarrettslova § 2-8

4.20. Omsorgsstønad - vaksne

Innhald i tenesta

Omsorgsstønad kan tildelast som ei delvis økonomisk kompensasjon til privatpersonar som er vurdert til å ha eit særleg tyngande omsorgsarbeid. Dette gjeld omsorgsarbeid som elles ville ha vorte utført av den kommunale helse- og omsorgstenesta. Dersom omsorgsstønad innvilgast, vil det gjerast ei konkret og individuell vurdering på kor høg kompensasjonen skal vera. Utmålinga vert gjort

etter etablerte prinsipp, og eventuell innvilga hjelpestønad frå NAV trekkast frå utmålt kompensasjon.

Omsorgsstønad innvilgast for inntil eitt år av gongen. Det er heradet som etter kartlegging tar stilling til om det skal innvilgast omsorgsstønad, eller om behovet skal dekkast på andre måtar. I vurderinga kan heradet legge ei viss vekt på si eiga økonomiske situasjon. Omsorgsstønad er ikkje meint som kompensasjon time-for-time, og det skal takast omsyn til andre helse- og omsorgstenester den hjelpetrengande mottar.

Omsorgsstønad er ikkje nokon rettighet, og det er kommunen etter kartlegging som tar stilling til om det skal innvilgast omsorgsstønad, eller om tenestebehovet skal dekkast på andre måtar.

Kven kan få tenesta

- Privatperson som utfører særleg tyngande omsorgsarbeid for ein som er hjelpe/pleietrengande
- Kartlegging syner at den hjelpetrengande har behov for helse- og omsorgstenester for å kunne bu i eigen heim
- Den som har hjelpebehovet ynskjer at denne personen skal stå for hjelpa, og det vurderast til at det er det beste både for omsorgsmottakar- og ytar
- Det må dokumenterast at det er søkt hjelpestønad frå NAV

Heimel og rettskjelder

- Helse- og omsorgstenestelova §§ 3-1 og 3-6
- Pasient- og brukarrettslova §§ 2-1 og 2-8
- I-42/98 - Retningslinjer for omsorgslønn
- Brev frå Helsedirektoratet til landets statsforvaltarar: "Omsorgsstønad - Rettslige rammer og forholdet til forsvarlighetskravet"

4.21. Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Innhaldet i tenesta

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er ei alternativ organisering av praktisk og personleg bistand for personar med omfattande og langvarige hjelpebehov. Ordninga gir brukaren høve til å sjølv styra kvardagen sin ved å vere arbeidsleiar for eigne assistentar. BPA skal gi større fridom, sjølvstende og

deltaking i samfunnsliv, utdanning, arbeid og familieliv. Tenesta kan tilpassast individuelt og skal bidra til at personen kan bu i eigen heim og ha eit mest mogleg aktivt og meningsfullt liv, trass i funksjonsnedsetting.

Kven kan få tenesta

BPA kan tildelast personar under 67 år som har eit langvarig (minst 2 år) og omfattande behov for praktisk og personleg assistanse. Ved rett til BPA må hjelpebehovet vera på minst 32 timar per veke. Dersom behovet ligg mellom 25 og 32 timar, har ein rett til BPA dersom det ikkje inneber vesentleg meirkostnad for kommunen. Brukaren må kunne vere arbeidsleiar, eller få hjelp til det.

BPA kan òg tildelast barn gjennom avlasting, og personar over 67 år kan få vidareført ordninga dersom dei fekk BPA før fylte 67 år. Kommunen har òg plikt til å vurdere BPA som teneste for personar som ikkje har rett etter lova, dersom det er den mest føremålstenlege løysinga etter ei individuell vurdering.

Eigenbetaling

Det vert rekna eigenandel for oppgåver som fell inn under praktisk bistand

Heimel

- Helse- og omsorgstenestelova § 3-8
- Pasient- og brukarrettslova § 2-1 d

4.22. Korttidsopphald i institusjon

Innhald i tenesta

Korttidsopphald i institusjon er eit tidsavgrensa tilbod til personar som i ein periode har behov for døgnkontinuerleg helsehjelp, pleie og omsorg som ikkje kan givast i eigen heim, sjølv med tilrettelagd hjelp.

Opphaldet kan vere aktuelt ved akutt sjukdom, funksjonssvikt eller når det er behov for rehabilitering, utgreiing, vurdering eller vidare behandling etter sjukehusopphald. Korttidsopphald vert òg nytta som lindrande behandling ved livets slutt, eller som eit førebyggjande tiltak for å oppretthalde funksjonsevne og meistring.

Tenesta skal sikre naudsynt oppfølging og tilrettelegging i ein overgangsfase, der personen treng tettare og meir omfattande helsehjelp enn det som er mogleg å tilby i heimen.

Tilbodet vert gitt ved Ulvik Omsorgstun.

Det er inntaksnemnda som etter søknad fattar vedtak om alle typar korttidsopphald, med unntak av ØHD.

Felles kriterium for alle korttidsopphald

Korttidsopphald i institusjon kan tildelast personar som har behov for døgnbaserte helse- og omsorgstenester i ein avgrensa periode. Eit eller fleira av følgjande kriterium må vera oppfylte:

- Behov for medisinsk behandling, rehabilitering eller observasjon etter sjukehusopphald, der vidare oppfølging ikkje kan skje i eigen heim.
- Personen har eit avklart og mellombels behov for døgnbaserte tenester som observasjon, pleie, behandling, opptrening eller rehabilitering.
- Behovet er knytt til akutt eller kronisk sjukdom, redusert funksjonsevne eller forverra helsetilstand som gjer det naudsynt med heildøgns pleie og omsorg.
- Opphaldet skal medverke til å oppretthalde eller forbetre funksjonsevne og meistring i kvardagen.
- Behov for kartlegging og vurdering av helse, funksjonsevne og vidare hjelpebehov.
- Behov for lindrande behandling og pleie ved livets slutt (palliasjon).
- Andre aktuelle tiltak som utvida heimetenester, dagtilbod eller tilrettelegging i heimen, skal vurderast og/eller prøvast ut før opphald i institusjon vert innvilga.

Typar korttidsopphald:

1. «Øyeblikkelig hjelp døgnopphold» (ØHD)

Heradet har eit ØHD-tilbod ved Ulvik Omsorgstun frå 01.01.26, jfr. Helse- og omsorgstenestelova § 3-5. Heradet har avtale med regionalt helseforetak om organisering av ØHD-tilbodet jfr. Helse- og omsorgstenestelova § 6-2 nr. 4 – sjå [Tenesteavtale 4 - Saman](#)

2. Rehabiliteringsopphald

Tilbod til personar med behov for tverrfagleg og koordinert rehabilitering, der tiltak i heimen ikkje er tilstrekkeleg. Søkjaren må ha eit reelt rehabiliteringspotensial, kunne sette eigne mål og ta imot rettleiing.

3. Utgreiingsopphald

Gjev tilbod til personar som treng tettare medisinsk eller funksjonell observasjon og oppfølging. Det kan gjelde etter tidleg utskrivning frå sjukehus, ved forverra helsetilstand, eller ved behov for palliativ behandling.

4. Anna korttidsopphald:

Gjevast når brukaren som av ulike årsaker ikkje kan få nødvendige tenester i heimen, og opphaldet ikkje fell inn under rehabilitering, utgreiing, eller ØHD.

Eigenandel

Kommunen krev eigendel etter forskrift om eigendel for kommunale helse og omsorgstenester.

Pasienten må sjølv dekkje utgifter til transport til og frå korttidsopphaldet.

Heimel

- Pasient- og brukarrettslova § 2-1
- Helse- og omsorgstenestelova § 3-2 nr. 6 bokstav c

4.23. Omsorg +

Omsorg + er eit nytt tilbod under etablering, med planlagd oppstart i løpet av 2026.

Omsorg + vil vera eit tilbod til personar med eit pleie- og omsorgsbehov som er så omfattande at det er utfordrande å gi eit forsvarleg tilbod i heimen. Samstundes skal omsorgsbehovet ikkje vera så høgt at det er behov for ein langtidsplass i institusjon.

4.24. Langtidsopphald i institusjon

Innhald i tenesta

Langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester inneber medisinsk oppfølging, pleie, omsorg og tilsyn heile døgnet. Tenesta vert gitt av fagkyndig personell, og skal dekkja omfattande og varige behov for helsehjelp som ikkje kan løysast med helsetenester i heimen eller andre helse- og omsorgstilbod.

Langtidsopphald i sjukeheim vert tildelt ved Ulvik omsorgstun.

Det er inntaksnemnda som etter søknad fattar vedtak om langtidsplass i institusjon.

Kven kan få tenesta

Tenesta er for personar som bur og oppheld seg i Ulvik herad eller som har konkrete planar om å flytta til Ulvik, og som har behov for døgntilrettelagt helsehjelp og omsorg. Brukaren må ha så store og samansette behov at det ikkje lenger er forsvarleg å bu heime. Dette kan til dømes vere ved kognitiv svikt, alvorleg funksjonsnedsetting, livets slutfase eller ved behov for medisinsk utstyr og kompetanse som berre finst i sjukeheim. Før vedtak om langtidsopphald blir fatta, skal andre aktuelle tiltak på lågare omsorgsnivå vera vurdert eller prøvd ut. Vurderinga blir gjort tverrfagleg og individuelt, med grunnlag i kartlegging, helseopplysningar og brukaren sitt eige ønskje.

Eigenbetaling

Det vert fatta eige vedtak om eigenbetaling etter reglane i forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester.

Heimel og rettskilder

- Helse- og omsorgstjenesteloven §§ 3-1, 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c og 3-2a
- Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-1 og 2-1e
- Forskrift om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester, Ulvik herad, Vestland
- Kvalitetsforskrift for pleie- og omsorgstjenestene
- Forskrift for sykehjem og boform for heildøgns omsorg og pleie